# Vedtekter for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Sist revidert 02.05.2018

## § 1 Føremål

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen i Volda (HVO). Studentparlamentet skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor institusjonen sitt styre.

Underlagt Studentparlamentet finst følgjande organ; Studentparlamentet, parlamentet sitt valde Arbeidsutval (AU), og Studentrådet. I tillegg har Studentparlamentet nedsett eigen kontrollkomité.

## § 2 Styringsdokument

### § 2-1 Vedtekter

Vedtektene er organisasjonen sine formelle reglar, og er overordna dei andre styringsdokumenta. Vedtektene kan widerast. Forslag om vedtektsendringar skal varslast til representantane i Studentparlamentet to veker før møtet. Dei gjeldande vedtektene ligg alltid til grunn, og det må vere 2/3 fleirtal i Studentparlamentet for å vedta endringar. Endringane trer i kraft når endeleg dokument er vedteke.

### § 2-2 Valreglement

Valreglementet til Studentparlamentet gir retningslinjer for førebuing og gjennomføring av val i studentparlamentet. Dette gjeld ved val verv i Studentparlamentet, studentrepresentantar i råd- og utval, samt tillitsvalde.

### § 2-3 Prinsipprogram

Prinsipprogrammet er eit dokument om Studentparlamentet sine overordna mål, som går over ein fireårsperiode. Kvart fjerde år skal nytt prinsipprogram vedtakast, men det kan reviderast kvart år. Endringane trer i kraft når endeleg dokument er vedteke.

### § 2-4 Arbeidsprogram

Arbeidsprogrammet er retningslinjene for Studentparlamentet sitt politiske arbeid for det komande studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår. Programmet kan reviderast ytterligare etter høve.

**§ 2-5 Budsjett**

Budsjettet er Studentparlamentet sine retningslinjer for den økonomiske drifta det komande året. Budsjettet skal vedtakast årleg ved fyrste parlamentsmøte på vårsemesteret, og trer i kraft umiddelbart. Revidering av budsjett skal på dagsorden i løpet av vårsemesteret, men også etter behov eller ynskje.

**§ 2-6 Forretningsorden**

Forretningsorden for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda fastset reglar og retningslinjer for ordskiftet i parlamentsmøta.

**§ 2-7 Gjennomføring av endringar i styringsdokumenta**

Alle studentar ved HVO har moglegheit til å fremje forslag til endring av Studentparlamentet sine vedtekter og styringsdokument. Årsak til ynskje om endringsforslag kan leggast ved skriftleg, og då skal dette også leggjast fram for Studentparlamentet for handsaming.

Endringar av Studentparlamentet sine vedtekter og styringsdokument skal gjerast av Studentparlamentet, og krev minst 2/3 fleirtal. Alle forslag til endringar av parlamentet sine vedtekter og styringsdokument skal fyrst handsamast av parlamentet sitt Arbeidsutval. Dei skal kome med skriftleg innstilling til vedtak til Studentparlamentet. Det er mogleg for medlemmar i AU å ta ut dissens.

## § 3 Økonomi

**§ 3-1 Budsjett**

Det er Arbeidsutvalet i Studentparlamentet si oppgåve å utarbeide forslag til budsjett. Dette blir lagt fram for Studentparlamentet, jf. § 2-5.

Arbeidsutvalet i Studentparlamentet har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane med inntil 5000 kr per semester uavhengig av post, om dette er til det beste for studentane ved HVO. Ved større summar må budsjettendring vedtakast av Studentparlamentet.

**§ 3-2 Rekneskap**

Arbeidsutvalet i Studentparlamentet skal leggje fram rekneskap for godkjenning for året som har gått ved fyrste parlamentsmøte etter årsskiftet. Regnskapet fylgjer ordinært kalenderår.

Rekneskapet til Studentparlamentet er offentleg, og ein kan få innsyn i rekneskapet på førespurnad.

## §4 Mistillit

### § 4-1 Mistillit til verv i Studentparlamentet

Medlemmar av eit av Studentparlamentet sine organ, samt studentrepresentantar i råd og utval ved HVO, kan bli stilt mistillitsforslag. Vedkomande kan då verte løyst frå vervet og verte erstatta av ein person valt av Studentparlamentet, dersom mistillitsforslaget får naudsynt fleirtal (jf. § 4-2). Den som det blir stilt mistillit til, skal få høve til å uttale seg.

Det er berre registerte studentar i inneverande studieår som kan stille mistillitsforslag.

### § 4-2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreding

Mistillit må verte vedteke med 3/4 fleirtal av Studentparlamentet. Dette kan skje på eit ordinært parlamentsmøte, eller eit ekstaordinært møte, jf. § 5.3.4. Vedtak om mistillit skal skje bak lukka dører, og avstemminga skal vere skriftleg og anonym. Saker om mistillit skal unndragast offentlege referat.

Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette i god tid før voteringsmøtet. Arbeidsutvalet vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med mindre dette møter motstand i Studentparlamentet.

Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten av perioden. Dersom representanten ikkje har vararepresentant og det er meir enn to møter igjen av studieåret, skal det haldast suppleringsval, jf. Studentparlamentet sitt valregelement § 1-5.

## § 5 Studentparlamentet

### § 5-1 Samansetning

Studentparlamentet er studentdemokratiet sitt øvste organ, og skal ha representantar frå alle avdelingane ved HVO. Det er sett saman av elleve faste studentrepresentantar og elleve varaer. Av dei elleve faste representantane, skal åtte vere likt fordelt frå dei fire avdelingane. Dei resterande tre er frie representantar, og fungerer som utjamningsmandat. Detaljar knytt til gjennomføring av valet er nærare beskrive i Studentparlamentet sitt valreglement, § 1.

**§ 5-2 Føremål**

Studentparlamentet skal aktivt arbeide for å sikre studentane ved HVO sitt læringsmiljø og faglege utbytte. Dei ulike representantane i Studentparlamentet har ansvar for å forhøyre seg på sine respektive avdelingar om utfordringar og forbetringspotensiale på studiet. Studentparlamentet skal også handsame og gjere vedtak i saker som framkjem av organisasjonen sine styringsdokument, jf. § 2. Dette inkluderer arbeid med revidering, godkjenning og vedtak av Studentparlamentet sine vedtekter, prinsipprogram, budsjett og arbeidsprogram.

Det skal, så tidleg det let seg gjere, veljast inn studentrepresentantar til HVO sine råd og utval for inneverande studieår.

**§ 5-3 Møteregelement**

§ 5-3-1Fristar

Innkalling til parlamentsmøta skal skje seinast 14 dagar før møtedagen. Saker til sakslista må vere inne seinast 10 dagar før møtedatoen, og sakspapir skal vere utsendt seinast 7 dagar før møtedatoen.

Det skal leggjast fram ein møteplan på første ordinære møte i studieåret.
Innkalling til første møte i studieåret er gyldig om ho kjem seinast 7 dagar før møtedatoen.

§ 5-3-2 Rettar og plikter

Møteplikt:

- Faste representantar i Studentparlamentet
- Vara i fast representant sitt fråvær
- Arbeidsutvalet
- Organisasjonskonsulent
- Kontrollkomité jf. § 8
- Ordstyrar

Møterett:

- Alle studentar og tilsette ved HVO
- Gjester

- Uynskte personar kan visast bort etter vedtak

Talerett
- Alle med møteplikt- og rett

Forslagsrett
- Studentar ved HVO
- Andre kan få forslagsrett ved enkeltvedtak

Røysterett
- Faste studentparlamentsrepresentantar
- Vara i fast representant sitt fråvær

Saksfremjingsrett
- Studentparlamentet sine medlemmar (representantar og varaer)
- Arbeidsutvalet
- Andre kan få saksfremjingsrett ved enkeltvedtak

§ 5-3-3 Møtegjennomføring

Arbeidsutvalet, i samarbeid med organisasjonskonsulenten, har ansvar for at sakspapira blir sendt ut til Studentparlamentet sine medlemmar (representantar og varaer), kontrollkomitéen og eventuelt andre partar, jf. §5-3-1. Organisasjonskonsulent skal føre referat frå alle møter, med mindre det blir delegert til andre.

For at møter i Studentparlamentet skal vere vedtaksdyktige, må minst 2/3 av medlemmane med stemmerett vere til stades.

Røysting skal gjennomførast med utdelt stemmesetel. Unntak er røysting ved urneval, då det her skal brukast eigne lappar. Røysting blir gjort skriftleg dersom minst ein av dei røysteføre ynskjer dette. AU innstiller på teljekorps om naudsynt. Røysting vert avgjort med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt. Ved røystelikskap får alle studentar som er til stades i møtet røysterett, utanom arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar. Dersom det ikkje er andre studentar til stades blir saka utsett til neste møte. Dei som etter § 5-3-2 har

forslagsrett, har moglegheit til å skriftleg leggje fram si meining i ei sak dersom dei er forhindra i å delta på møtet.

§ 5-3-4 Ekstraordinært møte

Det kan kallast inn til ekstraordinært møte i Studentparlamentet ved særleg viktige saker dersom eit alminneleg fleirtal av representantane eller eit samrøystes arbeidsutval ynskjer det. Eit slikt møte skal kunngjerast seinast ei veke før møtet, og sakspapira skal gjerast tilgjengeleg for representantane seinast tre dagar før møtedagen.

### § 5-4 Arbeidsgrupper

Studentparlamentet kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser behov for det. Arbeidsgruppa skal verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har ansvar for møteinnkalling, kontinuitet i arbeidet og rapportering til Studentparlamentet.

## § 6 Arbeidsutvalet

### § 6-1 Samansetning og formål

Arbeidsutvalet (AU) er Studentparlamentet sitt dagleg arbeidande organ og førebur saker for Studentparlamentet. Dei skal ha ein arbeidsomtale som er godkjent av Studentparlamentet. Dei ulike arbeidsomtalane er opne for revidering kvart år. Arbeidsutvalet består av fem verv; leiar, fagansvarleg, velferdsansvarleg, informasjonsansvarleg og internasjonalt ansvarleg.

Medlemmar i Arbeidsutvalet kan ikkje inneha verv i Høgskulestyret samstundes som ho/han sit som medlem i Arbeidsutvalet. Leiar i AU kan ikkje inneha verv i styret i Studentsamskipnaden i Volda samstundes som ho/han sit som leiar i Studentparlamentet.

### § 6-2 Føremål

Arbeidsutvalet skal utarbeide og leggje fram forslag til organisasjonen sine styringsdokument, jf. § 2. AU skal gjennomføre tilstrekkjeleg med møter til å drive saksførebuing til Studentparlamentet. Det inneber å innstille i alle saker som blir lagt fram for Studentparlamentet. Sakene kan, der det er høveleg, sendast på høyring før handsaming i Studentparlamentet.

AU sørgjer for at vedtak fatta i Studentparlamentet vert fylgt opp og gjennomført, og skal bruke økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med Studentparlamentet sine styringsdokument. AU legg fram årsmelding med rekneskap for kvart kalenderår for Studentparlamentet. Avtroppande AU-medlemmar leverer skriftlege rapportar om arbeidet i vervet for å sikre kontinuitet og gode overgangar ved val av nye medlemmar i AU.

**§ 6-3 Konstituering**

Arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv etter kvart val av AU i Studentparlamentet ved å velje ein nestleiar innbyrdes. Nestleiar fungerer som leiar i leiars fråvær og deltek på leiingsmøter og andre forum der det opplevast naudsynt. Medlemmar av AU må vere registert student hjå Høgskulen i Volda når han eller ho tiltrer sitt verv.

**§ 6-4 Funksjonstid**

Eit medlem av Arbeidsutvalet sit i si stilling fram til nytt val vert gjennomført i Studentparlamentet. Unntak er dersom eit medlem sjølv trekkjer seg tidligare, eller av årsaker nemnt under ikkje kan inneha vervet:

a) Dersom eit medlem av AU blir stilt mistillit til og dette får fleirtal i Studentparlamentet, fyljer prosedyrer jf. § 4-2.

b) Dersom eit medlem av AU sluttar som student ved HVO, må vedkomande trekkje seg frå vervet sitt. Vedkomande vil inneha vervet til suppleringsval og overlappingsperiode er gjennomført.

Av- og påtroppande medlemmar i AU skal delta likestilt i ein overlappingsperiode som går over ein månad, med start i valdatoen. Føremålet er opplæring av nye medlemmar.

**§ 6-3 Møtegjennomføring**

Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad.

## § 7 Organisasjonskonsulent

Organisasjonskonsulenten utgjer Studentparlamentet sitt sekretariat, og har det daglege administrative ansvaret for Arbeidsutvalet. Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret for organisasjonskonsulenten, og utarbeider stillingsomtale i samarbeid med leiar og nestleiar i Arbeidsutvalet. Stillingsomtale må godkjennast av arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studentparlamentet i samråd med Høgskulen.

## § 8 Kontrollkomité

Kontrollkomiteen skal syte for at Studentparlamentet si verksemd fylgjer gjeldande styringsdokument. Komiteen skal bestå av inntil to medlemmar som ikkje har andre verv som er en del av Studentparlamentet, eller der Studentparlamentet er valkrins.

Kontrollkomiteen har i oppgåve å føre kontroll med at Studentparlamentet sine organ fylgjer gjeldande styringsdokument og fatta vedtak, sjå til at parlamentet sine ressursar vert disponert i samsvar med budsjetta, og føre kontroll med gjennomføring av val der Studentparlamentet er valkrins.

Kontrollkomiteen deltek på alle møter i Studentparlamentet, og på møter med Arbeidsutvalet minst ein gong i månaden.

## § 9 Tillitsvalde

Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som er bachelorgrad og mastergrad, samt årsstudium som gir 30 studiepoeng eller meir per semester. Funksjonstida fylgjer ordinært studieår, med mindre representanten fråtrer sitt verv som tillitsvald på tidligare tidspunkt av eige ynskje eller ved mistillit, jf. § 4. Vedkomande vert då erstatta av ein ny representant valt av klassen. Tillitsvalt har rett på attest frå Studentparlamentet.

Tillitsvalte ved HVO har informasjonsplikt ovanfor medstudentar på studiet om informasjon frå høgare studentorgan. Dei skal arbeide for å ivareta studentane sine interesser på avdelings- og institusjonsnivå.

### § 9-1 Studentrådet

Studentrådet er et forum for tillitsvalte ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt møte kvart semester. Ansvaret for planlegging, invitasjon, mobilisering og gjennomføring av møtet ligg hos fagansvarleg i Arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast etter høve. Studentparlamentet sitt Arbeidsutval og dekanane ved HVO er invitert som gjestar. Alle studentar ved HVO har møterett. Alle studentar og dekanar ved HVO har talerett og forslagsrett, men berre dei tillitsvalde har stemmerett.